



Arkivnr: 2014/16048-6  
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.09.2014

## Revidering av kunstplan for Bybanen

### Samandrag

Kunstkomiteen for Bybanen trinn 3 har godkjent revidert kunstplan for Bybanen, og ber no Kultur- og ressursutvalet om å slutte seg til prinsippa i planen.

Kunstprosjektet i fase 3 vil i all hovudsak bygge på og vere ei vidareføring av kunstprosjektet knytt til fase 1 og 2. Grunnprinsippa i kunstplan frå fase 1 og 2 er forsett gjeldande. Komiteen vil utvikle delplanar for det enkelte kunstprosjekt.

### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet slutter seg til prinsippa i den reviderte kunstplanen for Bybanen slik den ligg føre i vedlegget til denne saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 01.09.2014

Det ligg her føre ei revidering av kunstplanen for Bybanen. Denne revideringa er godkjend av kunstkomiteen for Bybanen, og Kultur- og ressursutvalet vert bedt om å slutte seg til prinsippa som er framlagt. Prinsippa frå tidlegare kunstplanar er vidareført og denne revideringa er i all hovudsak ei forenkling av tidlegare plan.

Det er no sett av 5 millionar kroner frå Bergensprogrammet til kunstprosjekt knytt til trinn 3, og det vil verte jobba med ytterlegare finansiering. Den finansieringa som no ligg føre skaper eit greitt grunnlag, men ein ser for seg ytterlegare finansiering, i hovudsak frå private aktørar. I strekket mellom Lagunen og Flesland ligg det sær mange store bedrifter som vil verte invitert til å delta i kunstprosjektet. Budsjettet vil verte skalert etter inntektene.

Mål- og strategiformulering frå tidlegare faser vert vidareført. Denne skal vere gjeldande grunnlag for prosjektet, uavhengig av kor mange – eller kor store – prosjekta vert. Ved denne framgangsmåten kan ein som tidlegare starte prosessen med nokon av prosjekta før ein kjenner det totale budsjettet, og før ein kjenner detaljane i dei øvrige prosjekta – heilskapen og ambisjonsnivået i kunstplanen blir likevel teke i vare. Kunstprosjekta vert fremma for komiteen si godkjenning suksessivt, med denne mål- og strategiplan som gjeldande ramme.

Det er viktig for kunstprosjektet å vere med på å bygge opp under, og å oppfylle visjonen for Bybanen og byutviklinga. Kunstkomiteen jobbar difor i tett dialog med utbygger/driftar, og designansvarleg i Bybanen utbygging er også medlem i kunstkomiteen.

### **Historikk Kunstprosjektet for Bybanen**

Dei første kunstverka i første byggetrinn vart ferdigstilt til opninga av Bybanen i juni 2010. Då HFK overtok også utbyggingsansvaret for Bybanen frå og med byggetrinn 2, har arbeidet med kunstprogrammet vore ivareteke og administrert av HFK, v Kultur- og idrettsavdelinga. I hovudsak er komiteen frå trinn 1 vidareført med nokon justeringar.

I vedtak i Fylkesutvalet 18. februar 2009, sak 53/09, ser ein det som sær viktig at Hordaland fylkeskommune utviklar kunstprogram / utsmykking knytt til Bybanen. Fylkesrådmannen skriv i saksframlegget at han ser det som naturleg at Hordaland fylkeskommune vidarefører si noverande utsmykkingsordning for bygg til Bybaneutbyggjinga. Den vedtekte utsmykkingsordninga for bygg ligg tett opp til KORO (Kunst i offentleg rom) si ordning.

I sak sak 78/12 i Kultur- og ressursutvalet 21. august 2012 vert prinsippa og strukturen for arbeidet meir utpensla i form av ein kunstplan for fase 2. Kunstprosjekta i fase 2 skulle i all hovudsak byggje på og vere ei vidareføring av kunstprosjekta knytt til fase 1.

Kunstnar Jørgen Blitzner vart utpeikt som prosjektleiar/kunstnarleg konsulent utpeikt av KORO (Statens organ for kunst i offentleg rom) / RSU( Regionalt samordingsutvalg). Dette engasjementet har forsett også i byggetrinn 2 og 3. Dette er eit omfattande arbeid, så i byggetrinn 3 har også Hilde Skjeggestad komen inn som kunstkonsulent.

### **Visjon og idégrunnlag for kunstprogrammet**

Å produsere kunst for offentlege rom er uttrykk for ein demokratisk tanke, som hevder alle sin rett til å oppleve kunst. Bybanen er ein møteplass for menneske med svært ulik bakgrunn. Dette gjer den interessant for kunstnarleg utforsking av rommets funksjon i forhold til transport. Kunstuttrykk av permanent karakter vil kunne bidra til å forsterke stadsidentiteten, og dette kan utvikle seg over tid. Med kunstprogrammet ønskjer vi å skape rom både for kontemplasjon, fellesskap, begeistring og undring på reisa.

I kunstplanen for Bybanen ligg følgjande ambisjonar og visjon:

- Kunsten skal vere av internasjonalt format
- Kunsten skal gjevast ein tydelig og definert plass i byrommet
- Kunsten skal spegle det mangfold som Bybanen sine brukarar representerer

Bybanen er langt meir kompleks enn det som er vanleg når ein skal lage eit kunstprogram/-plan for utsmykking. Det er i realiteten fleire enkeltstående prosjekt som skal vurderast individuelt, samstundes som ein skal ivareta heilskapen. I tillegg vil det i åra framover vere utbyggingar ein enno ikkje veit traseane for. Det er difor søkt å lage ein modell som er fleksibel og som kan vidareutviklast.

### **Kunstutvalet/kunstkomitéen for Bybanen**

Kunstutvalet/kunstkomitéen for Bybanen driv arbeidet med Bybanekunsten, med Kultur- og idrettsavdelinga HFK som sekretariat. Komiteen si oppbygging ligg tett på malen som er vedteke brukt i kunstkomitear knytt til kunstprosjekt i fylkeskommunen sine nybygg. I utvalet er ulike involverte parter representert:

#### Kunstkomiteen for trinn 3 Lagunen-Flesland

Ronny Skaar, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, administrativ leiar

Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga

Jørgen Blitzner, kunstkonsulent

Hilde Skjeggstad, kunstkonsulent

Grete Riis, Bergen kommune, Seksjon for kunst og kultur

Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging

Ingrid Haukeland, Bybanen Utbygging

Petter Bortne, Bybanen AS

Anne Szefer Karlsen, Hordaland kunstsenter

#### Trinn 2 Nesttun- Lagunen

Jørgen Blitzner, kunstkonsulent og utvalet sin leiar

Jørgen Larsson, kunstkonsulent

Ronny Skaar, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, administrativ leiar

Grete Riis, Bergen kommune

Sølvi Marie Myrseth, Bybanen Utbygging

Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga

Axel Sømme, Arkitektgruppen Cubus As

#### Trinn 1 Byparken-Nesttun

Jørgen Blitzner, kunstkonsulent og utvalet sin leiar

Jørgen Larsson, kunstkonsulent (fra 16.6.09)

Mogens Lock Hansen, Bergen kommune, Grønn etat.

Tone Stedal Haugland, Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga

Sølvi Marie Myrseth, Bybanekontoret, Bergen kommune

Axel Sømme, Arkitektgruppen Cubus As

Grete Riis, Bergen Kommune, Fondet til kunstnerisk utsmykking av byen

Utvalet identifiserer og analyserar aktuelle område for kunst langs Bybanetraseen. På bakgrunn av analysen diskuterer utvalet seg fram til kva kunstuttrykk som kan vere aktuelle for kva stad. Dette skal vere forankra i godkjend kunstplan. Alt etter delprosjektet sin storleik og karakter, vert metode for å velje/finne kunstnar vald. Ved mindre prosjekt legg kunstnarleg konsulent fram alternativ for utvalet som då kan foreta direkteval og invitere utførande kunstnar. I meir omfattande delprosjekt vert kunstnarar invitert til prekvalifisering eller/og utlyser ein ope eller lukka konkurranse. Kunstutvalet har fungert som jury, med opning for ekstra medlemmer/noko utskifting knytt til enkeltprosjekt.